



1

## Norgesferie med båt, buss og bane

- Reisehåndbok
- Vise at Norgesferie med buss, båt og tog (og helikopter!) er attraktivt og enkelt
- Løfte fram gode lokale tilbud
  - Mat og overnatting
  - Kunst og kulturattraksjoner
- Avgangstider, detaljer og kuriosa
- Digital guide og bok
- Bærekraftig feriereise

KAGGE FORLAG

2


Innhold
1. Innledning: Hvorfor reise kollektivt og spise lokalt?
2. Kollektivreise på 1-2-3: Nyttige tips til gamle og nye venner av kollektivtransporten
3. Knutepunkt Hammerfest
4. Knutepunkt Sortland
5. Knutepunkt Bodø
6. Knutepunkt Sandnessjøen
7. Knutepunkt Kristiansund
8. Knutepunkt Åndalsnes
9. Knutepunkt Florø
10. Knutepunkt Lillehammer
11. Knutepunkt Bergen
12. Knutepunkt Oslo
13. Knutepunkt Stavanger
14. Knutepunkt Kristiansand
15. Appendix vinter/vår/høst
KAGGE
FORLAG

3


Knutepunkt og struktur
Knutepunktet
Ukestur
Helgetur
3 dagsturar
KAGGE
FORLAG

4

## Sortland

Med Sortland som startpunkt får du det vakreste av Vesterålen servert på et fat

**Ukestur**

Øksnes vestbygd, Andøya og Senja

**Helgetur**

Litløy fyr, Bø i Vesterålen

**Dagsturer**

- Stokmarknes og Hurtigrutemuseet
- Lofoten og natt i Trollfjorden
- Budsjettcruise Hadselfjorden rundt
- Dronningruta Nyksund – Stø



KAGGE FORLAG

5





## DRONNINGRUTA

Nyksund - Stø

Ein kort, eller ein litt lengre, fottur på den vidgjetne Dronningruta mellom dei to fiskeværa Nyksund og Stø.

Dronningruta frå Nyksund fortener så visst det kongelege namnet sitt, med utsikt til storhavet, stupbratte klipper og flotte fjell frå første stund. Namnet kom til då dronning Sonja gjekk turen i 1994, og ved vegs ende sa at ho hadde lagt att ein liten bit av hjartet sitt her. Sidan er ruta kåra til Noregs finaste tur og dronninga har gått turen fleire gongar.

Reisa startar på Sortland bussterminal kl. 08:30. Etter ein knapp time er det bussbyte i det moderne fiskeværet Myre, som også er kommunesenteret i fiskerikommunen Øksnes. Av forståelege grunnar er det minibuss til Nyksund. Ruta er eit sommartilbod. Bussen frå Myre til Nyksund må forresten tingast dagen før (sjå «billettar og prisar»).

Som rein bonus startar turen i Nyksund, eit særprega fiskevær som er midt i ein renessanse. Nyksund er siste utpost mot Nordishavet, og vegen endar her. Den smale grusvegen hit er hogd inn i fjellet, akkurat så høgt i fjellsida at havbårene ikkje får tak.

KAGGE FORLAG

6

Nærleiken til fisken var grunnlaget for busetjinga i Nyksund. Vinterstormar og brann har herja bygda, og i fleire etappar har Nyksund vore fråflytta. Storbrannen i 1934 førte til at Nyksund no er prega av eit arkitektonisk blendverk. Det er noko av det som gjer været unikt. Når det no er blomstringstid igjen i Nyksund, er det reiseliv, kunst og kultur som utgjer livsgrunnlaget. Men fisken er framleis ein del av biletet, med dykking og fisking som aktivitetstilbod, og med lekre fiskerettar på restaurantane.

Sjølve været er lite eigna til biltrafikk, og både bilar og bussen stoppar på snuplassen før vegen snirklar seg inn mellom husa. Etter ein liten rusletur kjem du til Ekspedisjonen, ein institusjon i været både før og no. Tidlegare var det fiskemottak, butikk og overnattingsstad for fiskarar, i dag er det restaurant og overnattingsstad. Å starte sommarmorgonen med ein kaffikopp i handa på kaikanten utanfor er heilt perfekt.

Fotturen startar der bussen snudde. Ta til venstre når du kjem over moloen frå været og gå grusvegen langs stranda. Snart ligg det eit hus på høgre side, og i kartet kallast staden for Opplandet. Her går du inn på stien som tek deg oppover fjellsida. Oppe på platået mellom Nyken og Mælen kryssar fleire stiar. Ta til venstre. Etter å ha passert på austsida av den vesle toppen Mælen, kjem du til eit viktig stikryss. Her må du velje om du vil gå over fjellet eller langs havet.



Rutetider måndag-fredag

| Avgang | Strekning | Ankomst |
|---|---|---|
| 08:30 | Sortland bussterminal – Nyksund, bussbyte på Myre | 09:50 |
| 16:45 | Stø - Sortland bussterminal | 18:00 |

Billettar og prisar:
Bussreisa kostar 111 kr kvar veg og kan kjøpast i appen BillettNordland, eller om bord mot eit tillegg på 20 kr. Den siste delen av bussturen til Nyksund (Myre – Nyksund) må tingast dagen før (!) på telefon +47 900 53 530.

Royal rundtur?
Du kan sjølvsagt også gå Dronningruta som ein rundtur, frå Nyksund til Stø og attende til Nyksund. Då får du gleda av å overnatte i Nyksund. Bussen går attende til Sortland kvar morgon måndag – fredag kl. 09:55. Rundturen heiter Dronningruta i Vesterålen på ut.no.

Dårleg tid?
Om du har mindre tid eller været er så som så, kan du sikte seg inn på ein tidlegare buss som går frå Stø klokka 13:45. Da har du berre tid til ein lynvisitt i Nyksund og til å gå det kortaste turalternativet til Stø, langs havet.

KAGGE FORLAG

7

ar og
g inn
u til
g no.
sstad
tad. Å
da på

år du
langs
kartet
som
lyken
å ha
m du
over

frå krysset ovanfor flytebrygga.

Rutetider måndag-fredag

| Avgang | Strekning | Ankomst |
|---|---|---|
| 08:30 | Sortland bussterminal – Nyksund, bussbyte på Myre | 09:50 |
| 16:45 | Stø - Sortland bussterminal | 18:00 |

Billettar og prisar:
Bussreisa kostar 111 kr kvar veg og kan kjøpast i appen BillettNordland, eller om bord mot eit tillegg på 20 kr. Den siste delen av bussturen til Nyksund (Myre – Nyksund) må tingast dagen før (!) på telefon +47 900 53 530.

Royal rundtur?
Du kan sjølvsagt også gå Dronningruta som ein rundtur, frå Nyksund til Stø og attende til Nyksund. Då får du gleda av å overnatte i Nyksund. Bussen går attende til Sortland kvar morgon måndag – fredag kl. 09:55. Rundturen heiter Dronningruta i Vesterålen på ut.no.

Dårleg tid?
Om du har mindre tid eller været er så som så, kan du sikte seg inn på ein tidlegare buss som går frå Stø klokka 13:45. Da har du berre tid til ein lynvisitt i Nyksund og til å gå det kortaste turalternativet til Stø, langs havet.

KAGGE FORLAG

8



9




10